

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 63/2004

Møtedato: 8.12.04

Arkiv nr:

## **Søknad om tilskot til skibuss**

Yvonne Tonnare-Christensen søker om tilskot til kjøring av skibuss fra Ryfoss til Vaset.

Tiltaket har vorte gjennomført sidan 2001 og er mykje brukt, spesielt blant ungdom. Siste år vart det kjørt 13 turar som til saman kosta kr 28.600 (pris pr tur er kr 2.200). Billettinntektene gav ei inntekt på kr 6.300 (pris kr 40 tur/retur). Det var gjennomsnittleg 12 passasjerar kvar tur. Underskotet er dekka med tilskot. For neste vinter er det lagt opp til 10 avgangar, frå 8. januar til 12. mars.

Tiltaket er eit foreldreinitiativ og det blir søkt om støtte frå kommunen, banken, Destinasjon Midt-Valdres, fjellstyret og idrettslaget.

Dei to siste åra har fjellstyret gjeve eit tilskot på kr 2000 til tiltaket.

## **Vedtak:**

Fjellstyret ser positivt på tiltaket og gir kr 2000 i tilskot.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 9.12.04

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Yvonne Tonnare-Christensen, 2960 Røn